



# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjebø sokneråd

Kyrkjebø, 20.01.24

### Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd.

Møtedato: 18.01.24

Møtetid: kl. 19.00.

Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

#### Til stades:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Jens Ole Årdal, Sjur Håvard Øygard, Kari Henny Dale, Ole Ivar Luggenes.

**Forfall:** Arvid Solås, Jofrid Nordstrand Forthun, Andreas Ester

#### Kopi av protokollen går til:

Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Ali Kharrat, Heike Muller, Stig Jonny Fitje, postmottak Høyanger kommune.

#### Sakliste:

##### Godkjenning av innkalling og sakliste.

Ingen merknadar til innkallinga.

Til saklista vart det varsla ei sak om kjøp av salmebøker til dåpsfamiliar.

##### Godkjenning av referat frå møte 07.12.23.

Ingen merknadar.

##### Sidan sist.

07.01. Vigsling av Inger Cecilie Fitje til diakon og presteteneste i Bjordal kyrkje. Irene, Sturla og Ole Ivar var med på høgtida.

13.01 Kyrkje og misjonsdag på Alværa.

Tema: gudsteneste for alle, korleis engasjere og oppmuntre.

Irene, Sturla, og Ole Ivar var med.

14.01. Gudsteneste, Kyrkjebø kyrkje (dåp).

Lysmesse og julegudsteneste.

##### Postlista.

Informasjon om at Oddny Viljeteig er vald som leiar i Bjørvin Bispedømeråd.

Takke-helsing frå Redd Barna, vedrørende gåve.

##### Soknepresten har ordet.

Soknepresten vart kontakta via open telefon. Kort informasjon frå han vedrørende offerfordelinga. Soknepresten ynskte alt vel for møtet.

## **Meldingssak:**

### **240001: Årshjulet 2024.**

Diskusjon omkring framlagd årshjul.

Nokon datoar for møter må forskyvast, m.a. årsmøte og møte for mai månad.

Må ha møte om korleis folkemusikkmesse skal arrangerast.

Irene reiser på stiftsdagane.

### **240002: Kyrkjeleg årsstatistikk 2023.**

Medlemane såg igjennom utarbeida statistikk for soknet, som Irene har utført.

Av positive ting merkar ein seg auke i talet på kyrkjebesøk.

Det er f.t. ikkje så mange konfirmantar i soknet og nokon av desse vel å konfirmere seg i Høyanger.

### **240003: Fasteaksjonen og misjonsprosjekt.**

Ein diskuterte litt rundt tema og ser utfordringar det gjev for aksjonen ved at det ikkje er så mange konfirmantar i soknet. Ein vil diskutere aksjonen nærmare på neste møte.

Kyrkjelydane er oppmoda om å støtte ulike misjonsprosjekt. Leiar informerte litt om tidlegare tradisjon for soknet. Første prosjekt var samarbeid med Mali, men etter 2020 gjekk misjonsprosjektet over til å støtte kyrkja i Estland.

Rådet opplever lite informasjon frå arbeidet i Estland. Det er innsamling 2. g. pr. år.

### **240004: Kjøp av salmebøker til dåpsfamiljar:**

Saka sin bakgrunn er tidlegare diskusjonar omkring salmevalet i kyrkja, m a også i dåpsgudstenester. Ein ynskjer å komme tilbake til dette som ei vedtakssak seinare.

### **240005: Aktivitetsdag, kyrkjevert.**

Det er ynskje om ekstra hjelp i samband med tårnagenthelga i kyrkja 3. februar i tidsrommet frå kl. 13.00 til kl. 16.00. Irene, Kari og Sturla melde seg.

Sundag 04.02.24 er det tårnagent-gudsteneste og då vil Ole Ivar vere kyrkjevert.

## **Vedtakssaker.**

### **Sak 0001/24: Årsmøte.**

#### **Vedtak:**

Soknet sitt årsmøte vert halde etter gudstenesta i Kyrkjebø kyrkje den 03.03.24.

Vedtaket var samrøystes.

### **Sak 0002/24: Offertildeling.**

Liste over offersøknadar var oversendt til medlemane før møtet og det same var eit drøftings-notat til medlemane. Det vart gjort greie for tidlegare praksis.

Mange rådsmedlemer ser det viktige med å støtte lokal kyrkjeleg aktivitet og handling.

Rådet har ansvar for trusopplæring og eige arbeid. Viktig å vere bevisst på korleis ein fordeler offera. Bruk av vipps er ynskjeleg å vidareføre m.a. fordi det er praktisk.

Bruk av kontantar fører m.a. til forholdsvis mykje gebyr ved innsetting i bank.

**Vedtak:**

Same føremål vert tildelt offer både i Vadheim og på Kyrkjebø.

Leiar i soknerådet får mynde til å fordele offera på føremåla slik det høver til årshjulet og kyrkjeåret.

Vedtaket var samrøystes.

**Sak 0003/24: Kyrkjevert-rolla.**

I tillegg til rådsmedlemane er det også andre som har stilt seg til disposisjon for denne tenesta og medlemane vert oppmoda til å spørje fleire.

**Vedtak:**

Soknerådsmedlemane fordeler kyrkjevert-rolla mellom seg og andre frivillige.

Datoar for kvar vert sett opp i soknerådsmøta, så langt ein har oversikt framover.

Vedtaket var samrøystes.

**Sak 0004/24:Kulturnemd.**

Tidlegare medlem i kulturnemda er ikkje lenger med i Kyrkjebø sokneråd og ein må velge ein annan medlem.

**Vedtak:**

Etter oppmoding tok Kari H. Dale på seg å vere ny medlem i kulturnemda.

Samrøystes vald.

Referent

Jens Ole Årdal

soknerådsmedlem.